

Nr. 4 Desember 94

IKKERTEN



Forsidebilde : Dette er fra en fisketur til Skjærivatnet under krigen, bildet er tatt ved Skjærivassselva . Foran sitter Helge Lund,Kjellaug Grotting, Ingebjørg Grotting, Håkon Guntvedt og Hermod Storøy . Bak, Anna Normann (delvis skjult), Arne Ørnvik og Nils Grotting (bildet utlånt av Ingebjørg Lund) .

Historia om kjerka på Lund

Av Sveinung Leirvik

Mellom mange kjente merkedagar i Kolvereid prestegjeld er søndag 10. oktober 1965 særlig minneverdig for Lund - krinsen og folket som soknar dit . Den dagen vart nemleg vigsla den vakre kapellkjerkja som gjorde Lund til kjerkested og enda meir tydeleg senter på kanten av den unge storkommunen Nærøy . For framandfolk og generasjonen som ikkje kjenner historia, står gudshuset på Lund så naturleg og harmonisk til landskapet, at rimelege spørsmål melder seg : Kva tid vart denne kjerka bygd ? I 1800 åra ? Og da må svaret bli både uventa og merkverdig . Denne kjerka har høg alder . Utanom kjerka på Nærøya er Lund kjerka den eldste i distriktet . Førhistoria tek til i Varøya i midten av 1600 åra . Der sto fjerdingskjerkja for Laugsnes, som den gongen var kjerkesokn i det store Nærøy prestegjeld .

Det meste av noverande sokn - og Lund medrekna - høyrdie til Laugsnes (Løfsnes) . I det vi enkelt kallar «Namdalens beskrivelse» 1597 er fortalt om korshus på Kolvereid, med messe to gonger årleg, «....og der er ingen kierke - gard og der blive ingen folk begravne...» Ønsket om at fjerdingskjerkja burde stå på Kolvereid var ikkje urimeleg . I 1647 tok naturkraftene saka i eiga hand. Eit overhendig regnvær førte til at Varøyelva fløynde opp og tok nytt løp - gjennom kjerkegarden og inn til grunnmuren på kjerka, og skadane var store . Dei vart vølt etter beste evne .

Vi kan rekne med at bøndene i aust hevda at kjerka sto på utrygg grunn og at tida var komen til å velje Kolvereid som ny kjerkestad . Under ei tingsamling på Strand 25. august 1654 vart det avslag på søknad om stønad til vøling av Tronhjems skole, fordi det var lova pengar til ny kjerke på Kolvereid . Det formelle løyvet til bygginga kom året etter . Samtidig heitte det at « Varøe kierke bliver at ødelegge » . At noko av tømmeret der vart flytta til Kolvereid, er nok helst berre tankar . Folket i indre Nærøy ville ikkje rive kjerka, som da var nyleg restaurert og påbygd . Soknepresten hadde stutt veg dit, og Varøykjerkja vart ståande . Kor lenge veit vi ikkje . Men noko av inventaret vart flytta, og den eine av dei to tårnklokkene . Den andre vart sidan flytta til fiskarkapellet i Gjeslingan .

Første kjerka på Kolvereid

Den nye kjerka på Kolvereid vart vigsla i 1658 . Ho var enda uten tårn . Klokka hang i særskilt støpul til 1665 . I det nye tånet vart det hengt opp to klokker . Frå hovudkjrka på Nærøya fekk den nye fjerdingeskjerka eige jordegods, og frå futen, sorenskrivaren, lensmannen og andre fekk ho gåver . Såleis hadde ho verdi som eigedom . Det var påakta i 1725 da borgarmeistar Hans Hagerup i Trondheim kjøpte alle kerkene og tilhøyrande gods .

Som mange veit eller skjønar, så var Kolvereid - kjerka første utgåve av kjerka på Lund . Det gjev grunn til å ta med nokre tekniske detaljar . Den opprinnelge kjerka var bygd av solid furutømmer, 7,2 x 7,2 meter innvendige mål . Mot aust sto eit 5,82 meter langt kortilbygg, 5,26-5,46 meter breitt - breiast mot skipet . Største rafthøgda var ca. 5,5 meter . Takvinkelen var noko stor, heile 53 grader . Første taket var dobbelt bordtak . Merke etter ei trapp kan tyde på at det ein gong var galleri over koret . Mange andre merke eller teikn er bra notert ved siste rivinga . Vi skal ikkje hefte med så mange detaljar her .

Rekneskapen fortel at det ved bygginga gjekk med 31 tylfter tømmer, 84 tylfter skorne bord og 12 tylfter økskløyvde bord . Ei tønne tjøre vart nytta til impregnering, og det var innkjøpt taug til å dra opp tømmerstokkane med . Kjerka fekk åtte vindu, av dei tre nye . Rekneskapen fortel vidare at laftearbeidet kravde seks menn i seks veker, to menn i tre veker med takarbeidet, to menn i seks veker med golv, benker og døypefont, tre menn i tre veker med alter og prekestol, og to menn i tre veker med å tjørebrenn bygningen utvendig . Til tånet gjekk i 1665 med ei tylft tømmer, seks tylfter bord, og til ny impregnering av alle vegger og tak åtte tønner tjøre . Samme året skapte ein ukjent treskjærar og ein like ukjent kunstmålar altertavla som kosta 32 riksdaler .

Sidan var det i 1682 vøling av taket og tånet, og i 1689 vart det etter krav frå prosten og soknepresten bygd skriftehus . Vestre tverrveggen fekk bordkledning i 1662, og året etter nord og austveggen . Spiker var ikkje brukt, berre trenaglar . I 1703 måtte det til hovudrestaurering, og framfor alt, nytt tak og ny bordkledning på alle vegger .


Så sto da kjerka der, brun og skinande av nye tjørestrok, da den omtala borgarmeistaren vart eigar . For folket var nok salet eit vonbrot . Siste offentlege rekneskapen gjeld året 1722 . Sidan er det lite å finne . Kjerka og det vesle jordegodset var no handelsvare og skulle gje inntekt til eigaren . Vedlikehaldet vart forsømt . Det ser ikkje ut til at eigaren frå 1758, Peter Jakob Sverdrup, interesserte seg meir for kjerkehusa enn Hagerup gjorde . Frå 1796 var kerkene arvegods i Sverdrup - familien . Lensmann Jørgen Johs. Havig saman med Anders Havig, Andreas sellæg og Halle Fuglaar kjøpte i 1828 kerkene på auksjon .

I mellomtida var det historiske hendingar . Ved kongelig reskript 1797 vart det store Nærøy prestegjeld delt . Kolvereid, Leka og Foldereid vart eit eige prestegjeld, der driftige og myndige kapellan Micahel Nissen Luytkis vart den første soknepresten, busett på kolvereid kapellangard, som sidan var kjent prestegard . Luytkis krevde utviding av kjerka og ny restaurering, men vann ikkje fram med kravet før 1811 . Kjerka vart da riven ned, og skipet vart utvida vestover - med svært godt grantømmer frå ein annan bygning - til lengde 13,15 meter, målt inne . Nytt galleri vart bygd over vestre delen av skipet, med innvendig repos - trapp i ei krå . Kolvereidkjerka var no hovudkjerka i prestegjeldet, og som gjennopbygd vart ho vigsla på ny .

Opløfjorden kapell

Omtrent på samme tid som Foldereid - annekset tidleg i 1860 åra fekk ny kjerke, kom det tydeleg ønske frå sokneallmuen på aust og sørsida av Folda om kapellkjerke ved Opløfjorden . Da sokneprest Knud Thorkelsen i 1866 for andre gong var blitt ordførar i Kolvereid , var han sterkt oppteken av denne saka . Den 25. februar 1860 la han fram tanken som framlegg for heradstyret, som gjorde slikt vedtak :

« Da indvaanerne i den sydøstlige del af bygden maatte erholde et eget Gudshus , saa fandt man, at sagen burde nærmere undersøges, og i den anledning udvælge 4 mænd, hvortil valgtes Erik Lien, Johannes Mentsen Sminæs, Johan Peter Skage og K. Thorkildsen, der have at forberede sagen og overveie hvorvidt en kirke eller et kapel bør besluttet opført, og om stedet for en saadan bygning .»




Dette bildet er tatt ca. 1910 og viser kjerka i Bogen samt garden til Inga og Johan (Hjelmsø) Bogen. Fjellet i bakgrunnen er Kjerringflauget.

Dette var en tung sak, som måtte ta noko tid. Løysinga vart enklare etter at det ved kongeleg resolusjon av 4. januar 1873 vart innvilga løyve til ny hovudkjerke på Kolvoreid, ho som står no, og som vart vigsla 13. desember 1874. Da var Erik Lien i Bogen blitt ordførar. Han fekk heradstyret med på søknad om å flytte gamalkjerka til garden Galtnes ved Opløfjorden. Kgl. resolusjon for slik flytting vart gitt 8. oktober 1877

Ordføraren var neppe heilhjata med til den nye kjerkestaden. Folket på sørsida av Opløfjorden meinte at kjerka burde stå der. Vi vil tru at Lund var sterkt inne i biletet. Men to moment drog austover: 1) Den nye sagbruksdrifta ved Opløselva og auka busetting der. 2) Ordføraren åtte garden Bogen, bnr. 2, og ville gje fri grunn til kjerka og kjerkegarden. Akkurat da

kunne ein sjå denne løysinga som kompromiss - kalla midtvegs mellom Oplø og Lund . Etter nytt vedtak i heradsstyret fekk dei ny kgl. res. av 7. mars 1878 for at Opløfjorden kapell skulle stå i Bogen . Den kjente sokneprest Vilhelm A. Wexelsen var no ny ordførar og pådrivar . Han fekk istand søknad til stortinget i januar 1879 om tilskott 1200 kroner til flyttinga . Løyvinga vart 800 kroner - av oplysningsvæsenets fond . Utpå hausten søkte heradstyret det samme fondet om 800 kroner som lån til dekning av av skyldige flyttingsutgifter . Det vart innvilga, og dermed var kostnaden dekt . Sikkert nok var det den gongen og utført gratisarbeid og dugnadsarbeid .

Flyttinga veit vi lite om : mest sannsynleg transport var sledekjøring ned til Kolvereidvågen, og derfrå buksering av treverket lagt i flåte - i medstraum og kanskje med vind . I Bogen ny kjøring med hest .



Dette er tatt frå Kjerringflaupet og vestover mot Vesterbogen, garden til Selma og Johannes Bogen . Kjerka låg lageleg til ved datidens hovudveg, sjøen . Men andre ting gjorde at ho vart mindre og mindre bruka .

Hovudinngangen på nordveggen vart no attømra og flytta til sørsida av nytt våpenhus ved vestveggen . Skriftehuset på nordsida vart som før . Takvinkelen vart minka og tekkmaterialet var stein . Innvendig vart kjerka vakkert panelt, så eit nytt og innbydande gudshus tok imot bygdefolket til vigslingsmesse i 1881 . Den gamle alternatavla var borte . Eit trekors med vindu bakom sto tol omkring hunreårsskiftet . Da kom det på plass ny alternatavle, måla av Albert Arntsen, Namsos, far til den meir kjente kunstmålar Henry . Det motlysgjenvante vinduet vart stengt . Vegger og himling vart sidan måla i lyse fargetonar .

Utbygginga og sentraliseringa av busetnaden ved munninga av Opløselva ga svært liten ringverknad til Bogen og Opløfjordens kapell . Verre enn det var det at kjerkegardsområdet var grunnlendt og for lite . Motorbåtane korta inn avstanden til Kolvereid, og ført kjerkefolk og gravferder dit . Ein til da uventa kulturskygge fall over Bogen . Etter bygginga av Salsbruket kapell i 1950, vart kjerka i Bogen mest ståande ubrukt .

Til Lund

Etter 1945 var det på tale å by fram Opløfjordens kapell til Finnmark, der svært mange gudshus var brent . Denne tanken var det nok som vekte folket på Lund og Smønes, som framleis hadde lang og tungvindt kjerkeveg . Men saka trond mogningsstid - og fekk det . Først 9. november 1963 ført soknerådet i Kolvereid opp budsjett på kring 90 tusen kroner til flytting og restaurering . Dette hendte i ei spaningstid . Kommuneregulering var venta ved nyåret . Sterke lokale krefter hadde stridd for ei anna regulerigsløysing enn den statsmaktene følgde . Ei samlande oppgåve var kjærkomen . Soknepresten i Kolvereid, Magne Gudvangen, var frå første stund den store pådrivaren til denne oppgåva .

Det gjekk greitt å få låne 60.000 kroner i opplysningsvesenets fond . Som tilskottssorgan rekna kommunestyret med Den Norske Kirkes Landsfond og ein god del dugnadsarbeid - som var lova . Budsjettvedtaket vart gjort på siste møtet i Kolvereid kommunestyre . Det nye Nærøy kommunestyre samtykte i budsjettet og flyttinga , så 2. september 1964 ga kirke - og undervisningsdepartementet klarsignal for flytting . Det vart dverre avslag på

søknaden til Den Norske Kirkes Landsfond . Da samla folket i Lundkrinsen seg og ga tilsegn om to tusen timer dognadsarbeid . Det var ein ruvande eigenkapital og gavé til den økonomisk ansvarlege kommunen . Men gava skulle bli eit samlande midtpunkt i krinsen .

Siste ordførar i Kolvereid, Arne Fagernes, hadde permisjon frå Salsbrukets tresliperi for å ta på seg leiinga av riving og flytting . Han hadde godt tak på denne oppgåva , som vart gjennomført over 20 dagar - gratis . Arbeidet heldt på og kosta han livet . Under riving av tårnet, som hadde store råteskader, rausa byggverket saman medan Alf Oddvik og Arne var der oppe , Arne øvst . Dei berga seg ved lynsnar handling .

Bogen var som før utan vegsamband, så alle materialer vart godt merkt, på ny lagt i flåte og slepa til hamna ved moloen på Lund . I Bogen sto grunnmuren att til minne om det som var . Takstein, vindauge og inventar vart frakta med båt . Frå sjøen vart alt tilfang kjørt med traktorar til den velvalde byggetomta og sortert der . Under leiing av Alf Oddvik og Johan Rørmark tok så den siste gjenreisinga til - med stor medverknad frå heile krinsen . Petter Lund ga gratis grunn til byggetomt og kjerkegard . Kjerkegarden var brukt eit års tid før kjerka var ferdig . Den lokale sparebanken ga løyving til gjerde og stolpar .

Det meste av tårnet måtte dei bygge nytt . Sakristi og skriftehus fekk felles tilbygg til austre korvegg . Kjerka sto utan galleri i Bogen . No kom det opp att, nybygd . Og det vart nytt panel over alt innvendig . Av meirkostnaden over budsjettet var ca. ni tusen kroner på det nye tårnet .

Fullført kosta Lund kapell ca. 110 tusen kroner , eit nesten utruleg lite tal . Altertavla, lysestakar av sølv og sakramentalt utstyr følgde med frå Bogen . Heile bygningen, såvel som den gamle lysekrona, fekk elektrisk montasje . Alt sauma utstyr og pryding var gåver frå lag, heimar eller gavmilde personar i og utanom krinsen . Eit brukta lite pipeorgel var rimeleg kjøpt for innsamla gåver og offergåver . Så her var det tydeleg mange felles løft . Fritz Moen - av Kolvereid - ætt - ga svært rimeleg arkitektbistand ved gjenoppbygginga .

Vigslingssmann denne oktoberdagen i 1965 var biskop Tord Godal . Prosten og dei fleste prestane i prostiet var aktivt med . Og mange frå bygda møtte

opp og tok del i høgtida . Her slo det bokstavelig til , at « kirken den er et gammelt hus » .

Det vil i denne artikkelen mangle mange detaljar som høyrer historia til, og som folket i Lund kapellsokn kjenner best . Det kan ikkje minst vera namn på skapande og gavmilde personar, glimt frå dugnadsarbeidet ved riving og gjenopreising , tekniske problem og muntre minner, ja, kva som helst som er forbigått . Enno lever mange av dei som i ymse slag arbeid var med på å fullføre byggverket, men ikkje så reint få er borte . Det lokale tidsskriftet Kikkerten er hermed utfordra til å få på trykk noko av den manglende , men lell så viktige, delen av historia om kjerka på Lund . Etter tretti år held det på og hastar .

Kjelder :

rekneskapen for varøy - kjerka 1848-1658 .
rekneskapen for Kolvereid - kjerka 1658 og flg.
«kirkene våre» , serie i Adresseavisen 1967-1968.
årbok for Namdalens Historielag .

RETTELSE TIL ARTIKKELEN OM LIAN I NR. 3-94

I artikkelen står det « Kommet opp i *Røyklia*-svart og mørkt sted med tett skog.....» I steden for Røyklia skal det være **Røylia** . Red .beklager feilen.

Høstfest i Lund og Salsnes 4H

Av Ingunn Kongsmo



Her er Eldrid Sundan med sin aspirantoppgave.

Det ble en trivelig kveld for de omlag 40 små og store som var samla i grendehuset den 10. november .

Eldrid, Jon og Åsgeir Sundan, Egil Rørmark, Erlend Smnes og Georgios Kongsmo hadde utstilling av 4H-oppgavene sine . Eldrid hadde holdt på med baking og hekling, blomster og grønnsaker . Jon hadde drevet med skogplanting, Åsgeir med ku . Erlend hadde sykkel som oppgave . Egil og Georgios hadde begge valgt sau .

Samtlige oppgaver ble godkjent, og ungene fikk merker og diplomer samt ros for god innsats .

4H -erne hadde selv ansvaret for et variert underholdningsprogram, som ble godt mottatt av publikum .

BARNESIDER

Hvilke ord mangler?

1. En fugl i hånden er bedre enn ____ på taket.

2. Ryktene gikk som ild i ____ gress.

3. Løpe hals over ____.

4. Legge ____ til byrden.

5. Det er ikke ____ alt som glimrer.



Trine: - Vet du hvor mye tannkrem det er i en tube, mor?

Mor: - Nei?

Trine: - Tre ganger frem og tilbake på den nye sofaen.

Det var historien om mannen som hadde mistet hunden sin.

- Sett inn en annonse i avisens da vel, sa kona.

- Det nytter ikke, sukket mannen, den kan ikke lese.

- Er denne sprayen god mot mygg?

- Absolutt ikke! Den tar rett og slett livet av dem.

1.	2.	3.
4.		
5.		

Vannrett

1. Nedbør

4. Guttenavn

5. Skli


Loddrett

1. Måke

2. Fuglemat

3. Mynt


R E B U S E R



Hva slags buskvekst er dette?



Hvilket tre eller busk er dette?




Dette blir en fugl.

L A G E N K A L E N D E R

Du trenger et pappstykke som er ca 20 x 20 cm, et ensfarget glanspapir som er litt større, rester av glanspapir, kalenderblokk, saks og lim.

Legg glanspapirstykket på pappstykket, brett inn på alle sider og lim det fast på baksiden. Klipp mange sorter blomster av glanspapir og lim dem på pappstykket slik at de danner en krans. Fest en kalenderblokk i midten.



Juleverksted i grendehuset

Arr. Lund Husmorlag

Av Ingunn Kongsmo



Her er det full aktivitet med tillaging av julepynt, alt fra julenisser til mer avanserte dekorasjoner.

Lørdag 26. november koste små og store seg med å lage nisser og annen julepynt under kyndig veiledning av Sissel og Audveig . Sissel hadde også ei fin utstilling av sjøllaga juledekorasjoner o. a.

Trivelig var det også å samles til førjulskaffe og vafler

Husmorlagsbasar av Ingebjørg Lund

Søndag 18. september arrangerte Husmorlaget kulturkveld - basar i grendehuset på Lund . Formålet var å få inn penger til veilys . Som kjent bygde vi ut flere lyspunkt i høst .

Vi kontaktet Spillum damekor og Kåre Nygård fra Jøa om de kunne tenke seg å underholde oss med sang og opplesing, uten noen annen betaling enn mat og kaffe, begge svarte positivt . Været ble det aller beste og mange fant veien til huset denne ettermiddagen .

Masse gevinst og loddsalget gikk lett . Det ser ut som årer er særlig poulaert.

Damekoret sang i tre avdelinger og Nygård leste en novelle av John Giæver . Men, ikke minst ble det tid til å prate med hverandre . Spillum damekor sang tilslutt «Lys og Varme» og salen sang med .

Alt i alt en veldig bra kveld som laget er fornøyd med , både inntekt og underholdning var topp !

Friidrettsstevne på Lund i september

Andre helga i september arrangerte Lund IL krets mesterskap for aldersbestemte klasser 15 - 18 år . Arrangementet gikk over en dag og det ble avviklet øvelser i baneløp, kule, diskos, høyde og lengde . Dette var en fin mulighet til å vise fram det nye baneanlegget fra sin beste side . Det har allerede hatt veteranmesterskap for N-Trøndelag og den innkjøringen gikk meget bra .

Været arrangementdagen var ikke av det aller beste, men det var ikke verre enn at det gikk fint å få gjennomført øvelsene . Deltagelsen var dessverre noe laber noe som gjorde at avviklingen gikk endel fortare enn planlagt . Lund IL stilte med en deltaker, Steinar Jakobsen, han deltok i flere øvelser og gjorde det best i kule der han ble nr. 2, knappest mulig etter vinnern fra Verdal . Stevnet ble gjennomført på best mulig måte, noe arrangørene bør være godt fornøyd med . Dette bør medvirke til at flere større stevner blir lagt til Lund for fremtiden .

Båten var livsnødvendig , hverken mer eller mindre . Båten ble en del av mennesket .

Ei tid sto det særlig ille til med gammel-Jens : Han hadde ingen båt . Med den ene dattera til hjelp, dro de ut sildgarna over Litjvika nedafor Oterbekklandet . Slik berget de unna den verste nøda . Det sier litt om tilstanden at dette blir fortalt ennå, nær hundre og femti år senere .

Så var da og trebåten mer som et levende vesen, med sine særegenskaper, sine fortrinn , men også sine nykker som bare den som brukte den daglig lærte seg å forstå . Og den som handterte båten med årer og segl i allslags vær, fikk stadig lære noe, både om båtens og om sine egne begrensninger . Det ble en trygg måte å ta seg fram på, fordi vinden setter grensa for framkomst når du ror . Og båten holder seg alltid oppå vatnet om den blir handtert rett . Ja den holdt seg oppå sjøl om den kantret . De måtte bare passe på å få kappet vantet, så båten fikk gå helt rundt, kvitte seg med lasten og få luft under seg , slik at den tålte vekta av mannskapet oppå kjølen .


Det ble fortalt om et storbåtmannskap som hadde kantra i en kast vind, men ellers smul sjø . Da de var blitt berga av kvelvet, tok hovedsmannen sønnen sin i skole og kjefta han opp , fordi han hadde «toilla te å bløytt sæ på fotan» .

Dette avhengighetsforholdet mellom mann og båt kunne skape underlige situasjoner :

Jeg har hørt om to granner som var så arge uvenner at de ikke snakket til hverandre . Om de holdt på med noe nede ved sjøen , så overså de hverandre helt . Men om den ene kom roende i land, så ruslet den andre bort i støa og hjalp til med å sette opp båten . - Men uten et ord og uten å få et grynt til takk for hjelpa .

Det samme avhengighetsforholdet førte til at omsorgen for båten var grodd naturlig inn i de daglige gjøremål . Ingen la seg om kvelden uten å være trygge for båten .

Margrethe Smines ble gift med Samuel Meidal og flyttet dit . Hennes bror Peter, Hans Sminesvik og min farfar Johan, dro en gang inn Folla til Kongsmoen og videre derfra til Meidalen på besøk .



Dette bildet er av Johan Smines i litjfæringen på Sminesbukta ca. 1915
(Bildet tatt av Jan Hesto, utlånt av Jon Smines)

Utpå kvelden sakna de Hans . Han var vel ute og så seg om, mente de . Men da han ikke kom igjen til vanlig sengetid, ble de urolige . De ble sittende oppe og vente til han endelig kom . - Hvor han hadde vært ? « Næi, æ gjekk bærre ein tur nedåt sjøn fer å sjå om båten » .
omlag ei mil hver veg av gammel vane !

Hans var sjøl båtbygger . Jeg minnes ennå litjfæringen hans farfar, som Hans hadde bygd, slank og lettrodd . I naustet hans Leif står ennå en Hans Vika - færing av et noe uvvanlig slag : Den har et bord mer enn vanlig i sida ; ei midt remme mellom ov-remma og und-remma . En styrke for båten . Jeg vet ikke om det finnes bord-ræva i denne gamle båten . En god båtbygger hadde noe av det samme omdømme som en våpensmed hadde i eldre tider . Det er nok å nevne Ingebrigt Krekling . Så fine linjer i båt ser du ikke hos noen andre . Jeg

blir aldri mett av å se på hundromfæringen etter Johan Hestø, den som Torberg nå eier . Namdalsfæringen på sitt beste .

Men en god bruksbåt kunne meget vel bli bygd på et enklere vis . Arne Fagernes fortalte meg en gang om Bård Synnesmo . Han så seg ut noen laglige båtbordgraner ikke langt fra elva . Så tok han med seg verktøyet til skogs og bygde færingen der . Han kløyvde stokken og økset seg inn til høvelig bordtykkelse . Dermed fikk han to bord av hver stokk . Arne kunne ennå minnes de overgrodde haugene med øksespon ute i marka . Da færingen var bordet opp, brente han tjære og bredde den . Så flyttet han den ned elva og til sjøen og rodde til Namsos .



Telefon 74 27 23 22 - Telefax 74 27 18 22

Boks 364 - 7801 Namsos

**Øivind Johansen
expert**



NAMSOS 74 27 24 34 - 74 27 38 55

**Byens største
utvalg i CD-plater
og spillere!**

DETTE BLADET ER SKREVET OG REDIGERT

MED DATAUTSTYR LEVERT AV

Karoliussen * Libris

Havnsgt. 19, 7800 NAMSOS, tlf. 74 27 20 80 - 74 27 20 81


**Vi har Norges mest
ettertrakte lønnskonto.
460 000 nordmenn har valgt
vår bank.**

Postbanken

DIN LOKALE DATA-FORHANDLER

EDB-maskiner, programvare, tekstbehandling,
regnskap/fakturering, økonomisk bistand, m.m.

VELKOMMEN TIL OSS!



Moenbygget, Postboks 111
7971 Kolvereid
Tlf. 74 39 55 55 - Telefax 74 39 58 88

multidata kolvereid as

SERVICE-mat

- for dine daglige innkjøp

LUND HANDEL

TELEFON 74 39 89 66

DIVERSE DAGLIGVARER - BENzin
TIPPING - LOTTO - PENGELOTTERIET
KIOSK

***UTVIKLING AV NY TYPE
KLOAKKRENSEANLEGG***

Salsnes Filter A/S
7817 SALSNES


Mobiltlf.: 94 78 99 61
Bankgiro: 8671.05.11308

SMIJERNSARTIKLER



Dør-
vridere

Blindhengsler



MØBELBESLAG



VEGG-
DEKOR
Tiur



ÅKLEOPPHENG

Dette er bare noen smakebiter av vårt utvalg.
Stikk innom butikken i Hestmarka
og ta en titt selv.

H. O. Sandberg A/s

KOBBER OG BLIKKENSLAGER
VENTILASJONSENTREPENØR
7801 NAMSOS



porto

TIL

Harald Grøtting

7965 LUND

KIKKERTEN

utgis av A/L Lund grendelag

Redaksjon:

Reidun Smines	tlf. 74398958
Rolf Jensen	tlf. 74398950
Johan Smines	tlf. 74286387

Abonnement 1994 (4 utgaver) kr. 80.-

Annonser: Annonsen kommer med i 4 utgaver og prisene
pr. år er: kr. 350.-for 1/4-s. kr 600.-for 1/2s. og kr. 1.000.- 1/1-s.

Postgirokonto: 0823. 0 57 00 01

Bankgirokonto: 4467. 1 02 14 84

Returadresse: KIKKERTEN, A/L Lund grendelag, 7965 Lund